

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

Ikkje offentleg

Dykkar ref.

Vår ref.
09/1711-9 11/8409
Torkel Myklebust

Arkivkode:
232

Dato:
23.06.2011

HØYRINGSUTTALE - MINIMUMS- OG MAKSIMUMSVERDE FOR EIGEDOMSSKATT PÅ KRAFTANLEGG

Me viser til høyringsnotat.

Kommunestyret i Suldal handsama saka i møtet 21.06.2011, sak 048/11, og gjorde slikt vedtak:

K-048/11 VEDTAK:

- 1 Reglane om minimums- og maksimumsverdiar i eigedomsskattelova § 8 fjerde ledd må fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta gjerast meir stabil, langsiktig og tilpassast marknaden for kraftsektoren.

Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

- Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har uheldige biverknader.
 - Vasskraftanlegg bør likestillast med andre store utbyggingar og investeringar som td. I olje og gassbransjen.
 - Den opphavlege grunngevinga for dagens ordning er ikkje lenger tilstades.
 - Maksimumsverdien er konkurransevridande. Kan virka hemmande på utbygging av alternativ fornybar energi.
 - Ordninga i dag hindrar vertskommunane sin del av framtidig verdiskaping.
 - Kommunane vil ha auka skepsis til eventuelle nye utbyggingar med dagens ordning.
 - Eigedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
- 2 Det er avgjerande at tilpassinga (oppjusteringa) av kapitaliseringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar med intensjonen i eigedomsskattelova.
 - 3 Takseringsreglane for eigedomsskatt skal ikkje nyttast som fordelingsinstrument mellom involverte partar.

Kopi av møtebok og saksutgreiing ligg ved.

Med helsing



Torkel Myklebust
ordførar

Kopi til:

Advokatfirmaet Lund & Co DA Postboks 1148 Sentrum 0104 OSLO

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnummer	Utval	Møtedato
048/11	Kommunestyret	21.06.2011

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
232	Dagfinn Helland	09/1711 11/7797

HØYRINGSUTTALE - MINIMUMS- OG MAKSIMUMSVERDE FOR EIGEDOMSSKATT PÅ KRAFTANLEGG

Forslag til vedtak:

1. Reglane om minimums- og maksimumsverdiar i eigedomsskattelova § 8 fjerde ledd må fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta gjerast meir stabil, langsiktig og tilpassast marknaden for kraftsektoren.

Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

- Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har uheldige biverknader.
 - Vasskraftanlegg bør likestillast med andre store utbyggingar og investeringar som td. I olje og gassbransjen.
 - Den opphavlege grunngjevinga for dagens ordning er ikkje lenger tilstades.
 - Maksimumsverdien er konkurransevridande. Kan virka hemmande på utbygging av alternativ fornybar energi.
 - Ordninga i dag hindrar vertskommunane sin del av framtidig verdiskaping.
 - Kommunane vil ha auka skepsis til eventuelle nye utbyggingar med dagens ordning.
 - Eigedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
2. Det er avgjerande at tilpassinga (oppjusteringa) av kapitaliseringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar med intensjonen i eigedomsskattelova.
 3. Takseringsreglane for eigedomsskatt skal ikkje nyttast som fordelingsinstrument mellom involverte partar.

21.06.2011 KOMMUNESTYRET

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

K-048/11 VEDTAK:

- 1 Reglane om minimums- og maksimumsverdiar i eigedomsskattelova § 8 fjerde ledd må fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta gjerast meir stabil, langsiktig og tilpassast marknaden for kraftsektoren.

Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

- Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har uheldige biverknader.
 - Vasskraftanlegg bør likestillast med andre store utbyggingar og investeringar som td. I olje og gassbransjen.
 - Den opphavlege grunngevinga for dagens ordning er ikkje lenger tilstades.
 - Maksimumsverdien er konkurransevidande. Kan virka hemmande på utbygging av alternativ fornybar energi.
 - Ordninga i dag hindrar vertskommunane sin del av framtidig verdiskaping.
 - Kommunane vil ha auka skepsis til eventuelle nye utbyggingar med dagens ordning.
 - Eigedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
- 2 Det er avgjerande at tilpassinga (oppjusteringa) av kapitaliseringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar med intensjonen i eigedomsskattelova.
 - 3 Takseringsreglane for eigedomsskatt skal ikkje nyttast som fordelingsinstrument mellom involverte partar.

Sand, 21.06.2011

Siri Fahlvik Pettersen

Rådmann

Dagfinn Helland

Ass. rådmann

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	26.04.2011	Vigdis Ekeland	EIGEDOMSSKATT PÅ KRAFTANLEGG: FINANSDEPARTEMENTET HAR SENDT NOTAT OM MAKSTAKSAKEN PÅ HØRING
7	I	08.06.2011	Advokatfirmaet Lund & Co	VS: LVK HØRINGSUTTALELSE OM MAKSIMUMSVERDI FOR EIENDOMSSKATT PÅ KRAFTVERK
6	I	10.06.2011	Finansdepartementet	HØYRINGSNOTAT OM MAKSIMUMS- OG MINIMUMSREGLANE I EIGEDOMSSKATTEN FOR KRAFTVERK

Vedlegg

Finansdepartementet sitt høyringsnotat om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk. (dok. 6)

LVK sin høyringsuttale av 7. juni 2011 (dok. 7)

Fakta

Bakgrunn for saka:

Det vert vist til Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 15. april 2011 der departementet varslar endringar i maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten på kraftverk, jf eigedomsskattelova (eskl) §8 fjerde ledd. Høyringa vart varsla i Statsbudsjettet for 2011.

Finansdepartementet sitt forslag, og som nå er ute på høyring, er i hovudsak todelt:

1. Minimums- og maksimumsreglane for eigedomsskatt på kraftanlegg vert ikkje oppheva.
Grunngjevinga er at dette vil medføra store inntektsmessige og fordelingsmessige verknader mellom stat, kraftanleggseigar, produsent og vertskommunane. Det er frå Finansdepartementet si side fokusert på at eit fåtal av kommunane(10) vil få auka sine inntekter monaleg.

Departementet meiner og at nåverande reglar etablerer ein korridor for eigedomsskatten som er føreseieleg og stabil for partane.

Det er og lagt stor vekt på at framtidige investeringar i kraftsektoren vil verta mindre attraktive dersom maksimumsregelen vert fjerna.

Som eit alternativ til å fjerna minimums- og maksimumsreglane føreslår Finansdepartementet å indeksjustera desse.

Minimums- og maksimumsreglane har stått nominelt uendra sidan 2004, og grunngjevinga for forslaget om indeksjustering er at grenser som ikkje vert justerte, vil over tid ikkje reflektera realverdien.

2. Kapitaliseringsrenta vert føreslått auka monaleg for å avspegla ein meir reell risiko ved investeringar i kraftanlegg.

(Definisjon kapitaliseringsrente: Denne renta vert nytta for finna nåverdien av kraftanlegget sine framtidige inntektsstraumar)

Høyringsfristen er sett til 15. juli 2011.

Saksomtale:

Frå 1960-talet og fram til slutten av førre århundre har Suldal kommune vore vertskap for to store kraftutbyggingar; Røldal-Suldal kraft og Ulla-Førre anlegga. Frå ingen andre kommunar i landet vert det produsert meir kraft.

Suldal kommune, nord-aust i Rogaland, er arealmessig den største kommunen i fylket med sine 1730 km². Tradisjonelt har kommunen vore ein jord- og skogbrukskommune.

Kommunen har mykje naturgitte føresetnader som storslagen natur, norske kvalitetar som reint vatn or rein luft, sjø, vatn, elvar, dalar og fjell. Dett gir grunnlag for ein betydeleg energiproduksjon, produksjon av landbruksprodukt og stein, hausting i form av fiske, jakt og bær. Utfordringane er imidlertid fleire:

- Få innbyggjarar i høve indre avstandar og mange mindre sentra.
- Langt frå vekstregionar som Stavanger og Haugesund/ Haugalandet
- Svakt minkande befolkning med overvekt av eldre. (framskrivinga viser ytterlegare nedgang i folketalet)

Suldal kommune er ein god kommune å bu i. Gode inntekter frå kraftutbygging er grunnlaget for at kommunen kan visa til eit godt og desentralisert tenestetilbod i ein vidstrakt kommune.

Eigedomsskatt på vasskraftanlegg er ei viktig inntektskjelde for Suldal kommune og kommunen har lojalt følgd opp Regjeringa si oppmoding om å nytta eigne inntektsgrunnlag som å innføra eigedomsskatt på verk og bruk.

Etter overgangen til ei marknadsbasert kraftomsetning gjennom energilova av 1990, var det brei semje i Stortinget om at det var naudsynt med ei tilsvarande omlegging av kraftskattereglane. Eit samla Storting la til grunn at skattereglane skulle fanga opp dei reelle marknadsverdiene. Prinsippet skulle gjelda både for statsskattane overskotsskatt og grunnrenteskatt, og for den kommunale eigedomsskatten. Dette var eigedomsskattelova sin intensjon og prinsipielle ordning.

Utrekninga av takstgrunnlaget for eigedomsskatt på kraftanlegg vart med verknad frå 2001 endra til ein meir marknads- og avkastningstilpassa modell. Vesentlege faktorar i denne modellen er kraftpris og kapitaliseringsrenta. For eigedomsskatten var den viktigaste endringa at i staden for å leggja til grunn den forventa framtidige kraftprisen, skulle ein basera seg på spotprisen dei siste fem åra.

Då dei nye takseringsreglane skulle tre i kraft i 2001, vart det klart at overgangen ville føra til utilsikta skattetap for kommunane (om lag 450 mill.kr.) som følgje av historisk lågt prisnivå på krafta etter dereguleringa, med spotprisar på 10-14 øre/kWh. For å hindra eit slikt utilsikta skattetap vedtok Stortinget ordninga med minimumsverdi.

Som eit motstykke til minimumsverdien vart det i 2003 vedtatt ein maksimumsverdi (mot nåverande regjeringsparti sitt ønske). Gjeldande regel er nå at eigedomsskattetaksten ikkje skal vera lågare enn 0,95 kr/kWh, og ikkje høgare enn 2,35 kr/kWh. Grunngevinga for maksimumsverdien var at kraftføretaka skulle "få igjen det de taper" ved minimumsverdien.

Finansdepartementet stipulerte dei langsiktige fortjenestevekknadene av maksimumsverdien til eit årlig tap for vertskommunane på 10 mill kr, basert på ein langsiktig kraftpris på 20 øre/kWh.

Landssamanslutninga for Vasskraftkommunar (LVK), som organiserer 173 kommunar der alle er vertskommunar for vasskraftanlegg, protesterte mot ordninga med maksimumsverdi sidan det var i strid med hovudmålsetjinga med kraftskattereforma om skatt basert på reelle marknadsverdiar.

Ved innføringa av maksimumsverdi presiserte likevel Finansdepartementet at hovudregelen om at eigedomsskatten skulle bygga på "de reelle markedsverdiar" sto fast. Grunngevinga for noverande regjeringsparti til å gå imot innføring av maksimumsverdien var at kommunane ville trenga kvar krone til velferdsutviklinga.

Ein formidabel kraftprisauke dei sist åra gjer at mest 90% av alle kraftanlegg har reelle marknadsverdiar over maksimumsverdien, medan knapt 5% er under minimumsverdien. Maksimumsverdien på 2,35 kr/kWh har stått uendra sida 2003. Ei indeksjustering til i dag (oppretthalde realverdien) vil auka eigedomsskatten samla for alle kommunane med om lag 300 mill.kr dersom kapitaliseringsrenta står uendra.

For dei om lag 90% av kraftverka som i dag ligg over maksimumsverdien, virkar ordninga slik at dess høgare inntening, dess større skattereduksjon.

LVK har reist spørsmål til om denne særeigne ordninga – som er ein skatterabatt – kan vera "ulovlig statsstøtte etter EØS-avtalen artikkel 61.

Lover, føresegner, rundskriv

Eigedomsskattelova. (lov nr. 29 av 6.juni 1975 med seinare endringar)

Skattelova (lov nr. 14 av 26. mars 1999 med seinare endringar)

Økonomiske konsekvensar

I samband med større kraftutbyggingar vert alltid kommunane lova gode og framtidige inntekter frå vasskraftproduksjonen. Slik også i Suldal. Då Ulla-Førre utbygginga var på planstadiet låg det føre to alternativ; Suldalsalternativet og Førrealternativet med Suldalsalternativet som det største. Suldal Kommune som vertskap for denne utbygginga vart lova "gull og grønne skogar" dersom Suldalsalternativet vart vedtatt, noko det vart.

I ettertid kan me seia at inntektene frå kraftanlegga er vesentlege, og Suldal kommune har bygd opp eit godt og desentralisert tenestetilbod som følgje av det. I tillegg har kommunen i gode tider ytt vesentlege bidrag til vegutbetringar av riksveggar (jf RV13 i Bratlandsdalen) og årlege bidrag til Ryfylkefondet (som arbeider til beste for utviklinga av heile regionen).

Suldal kommune har vore ein samfunnsaktør utover det som kan forventast.

Men det viser seg at desse inntektene ikkje held tritt med løns- og prisauken elles i samfunnet. Handlingsrommet til kommunen har svunne år for år, og kommunen har dei siste åra vore nøyd til å redusera driftsutgiftene monaleg (om lag 25 mill. kr. årleg). Størstedelen av utgiftene til kommunen er personalutgifter og reduksjonar går utover talet på tilsette, noko som slår uheldig ut i ein kommune med minkande folketal.

I statsbudsjettet for 2011 har Finansdepartementet opplyst at ei oppheving av ordninga med minimums og maksimumsverdi vil berøra 200 kommunar. I følgje Finansdepartementet utgjorde skattetalet til vertskommunane om lag 840 mill kr i 2011. Ved oppheving av maksimumstaket vil staten få redusert sine inntekter med 640 mill kr, dei offentlig eigde kraftselskapa 150 mill kr og 50 mill kr frå private kraftføretak. I omtalen i statsbudsjettet for 2011, sa regjeringa at dei ville koma attende til spørsmålet i budsjettet for 2012.

Både Energi Norge og LVK har tidlegare føreslått ovanfor finansdepartementet at kapitaliseringsrenta bør aukast og gjerast meir stabil, langsiktig og å avspegla ein reell marknadsrisiko. Ein auke i kapitaliseringsrenta vil føra til reduserte eigedomsskatteinntekter for vertskommunane. Ein auke i kapitaliseringsrenta vil derfor virka motsatt av å fjerna maksimumsregelen.

Vurdering og konklusjon

Finansdepartementet har føreslått i høyringsnotatet å auka kapitaliseringsrenta og å vidareføra ordninga med minimums- og maksimumsreglane, med inflasjonsjustering i åra framover.

Rådmannen meiner at forslaget med å oppretthalda minimums- og maksimumsreglane bryt med skattepolitiske prinsipp. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelte takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige minimums- og maksimumsreglar som gir ukorrekt takst og uheldige biverknader.

Det er overordna myndigheiter sitt ansvar at skattesystemet er robust, handsamar skatteytarane likt og byggjer på sunne skatteøkonomiske prinsipp. Ordninga med minimums- og maksimumsreglane er ei særordning for dei store vasskraftprodusentane innført under unntaksprega, fobigåande tilhøve i kraftmarknaden etter dereguleringa. Denne ordninga var aldri meint å vara evig.

Maksimumsreglane i dag gjer at store delar (nær 90%) av kraftanlegga vert eigedomsskatta etter ei fast avgift (2,35 kr/kWh) og ikkje etter Stortinget sin hovudregel – dei reelle marknadsverdiene. Maksimumsverdien inneber at det er dei mest lønsame kraftverka får den største skatterabatten. Dette er konkurransevridane i den forstand at ingen andre eigedomsskatteobjekt har maksimumsverdi. (td småkraft, vindkraft, bioenergi).

At det fins nokre få kommunar med lågt folketal som mottar høgare inntekter pr innbygger enn andre kommunar, er ikkje eit argument for å gi skattelette til ein av dei mest lønsame bransjane me har. Desse kommunane er vertskommunar for store kraftanlegg med omfattande naturinngrep. Det må vera klart at desse kommunane ikkje kan stengja for ei oppheving minimums- og maksimumsreglane til skade for 150 andre distriktskommunar, og for gjeninnføring av eit eigedomsskattesystem i tråd med reelle marknadsverdiar.

Dersom desse få kommunane med lågt folketal og høgare inntekter pr innbygger representerer ei fordelingsutfordring på nasjonalt plan, må det finnast løysingar på dette som ikkje rammar alle kommunane i landet med vasskraftanlegg. Her meiner rådmannen at ei endring i grunnlaget for utrekninga av kapitaliseringsrenta, samstundes med oppheving av minimums- og maksimumsreglane, kan vera ei løysing.

Rådmannen er samd i at det er grunnlag for å auka kapitaliseringsrenta for å avspegla ein meir reell risiko ved investeringar i kraftanlegg. Men det er viktig at dette skjer i kombinasjon med fjerning av minimums- og maksimumsreglane for å få ei eigedomstaksring som samsvarar med intensjonane i eigedomsskattelova.